



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

Vestnes kommune
Rådhuset
6390 VESTNES

Vår dato: 19.09.2022

Vår ref.: 202011512-12 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Sakshandsamar: Ole-Jakob Sande,
22959545, ojs@nve.no

NVE sin uttale til rapport om vurdering av grunnforhold for reguleringsplan Salmar Genetics på Vågstranda i Vestnes kommune

Vi viser til brev datert 02.06.2022. NVE har fått kopi av brev til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal der Vestnes kommune ber om at motsegner til reguleringsplan for Salmar Genetics på Vågstranda i Vestnes kommune vert trekt.

Eit av motsegnspunkta er knytt til manglar som NVE har peika på for planframlegget. NVE gir difor uttale til ny informasjon som er lagt fram i høve til avklaring av fare for områdeskred av kvikkleire.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strom (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE sin uttale

NVE viser til vår reviderte uttale datert 05.09.2022 og tidlegare uttaler til planframlegget. Vi har peika på at det ikkje var vurdert om planområdet kan ligge i utløpsområde for områdeskred av kvikkleire, og at framlagde rapportar er reine datarapportar utan geotekniske vurderingar.

I rapport datert 12.01.2022 har Norconsult gjort geotekniske vurderingar av planområdet som konkluderer med at det ikkje er fare for områdeskred i eller utanfor planområdet. For vurderingane i planområdet er gjennomførte grunnundersøkingar nytta som grunnlag. NVE er nøgd med at det er gjort ei konkret og fagleg vurdering av grunnforholda i og ved



planområdet. Vi vil likevel peike på at det er gjort lite greie for kva vurderingar som ligg til grunn for å konkludere med at planområdet ikkje ligg i potensielt utløpsområde for områdeskred av kvikkleire, jf. kap. 4.5 i rapporten.

Meir informasjon

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmende. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#), som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de har spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

Kommunen sitt ansvar

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

Vestnes kommune

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune

